



Arkiv nr:

Sak nr 2/2015

Møtedato: 21.1.15

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Søknad om jakthundtrening

Norsk Engelsk Setter Klubb (NESK) avd. Valdres, Øvre Hallingdal og Hemsedal søker i e-post datert 30.11.14 om å få arrangere jakthundtrening den 28., 29. og 30. mars. Søkjar reknar med at det blir 10-12 hundar kvar dag.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke. Fram til 1. april sel fjellstyret treningskort for jakthundtrening og prøve i denne perioden er uproblematisk. Pris på kort er kr 120 pr dag.

## Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1. Prøvedato: den 28., 29. og 30. mars 2015.
2. Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
3. Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.
4. Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
5. Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.
6. Pris: Kr 100 pr. dag pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
7. Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

## Vedtak:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.1.15

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsk Setter Klubb (NESK) avd. Valdres, Øvre Hallingdal og Hemsedal v/Herdis Unneland